

Kunstgras-ekspertane på plass

29.09.2015



Kunstgras-ekspertane frå Nederland og Litauen kom til Uskedalen i ettermiddag. Her sit dei på mattene

Etter vel ei veker forseinking er kunstgras-ekspertane Paulus van Amersfort frå Nederland og Salunas Billius frå Litauen på plass i Uskedalen og regnar med 2 eller 3 dagers monteringstid for den nye bana som vil kosta 2,4 millionar kroner. Då er imidlertid både lys og gjerde rekna med.

Det er det nederlandske firmaet J&E Sports som har produsert bana, Grunnen til forseinkinga var at eit prosjekt på Skjold tok så lang tid men så var det også 3 gonger så stort som det i Uskedalen. Dei 2 ekspertane er på reis rundt heile verda med montering av kunstgrasbaner, opplysar van Amersfort.



[Idrottslaget igang med siste finpuss ikveld](#)

Vår kunstgrasbane er 70 ganger 50 meter , er ein såkalla niarbane.og dekkar det meste av den gamle grusbana,
Dei grushaugane som ligg i den eine enden skal nyttast til preparering av gangveggar i skråningen opp mot Geillo.

Tekst, foto og nett; Ola Matti Mathisen